

Rapport frå konferanse i Assisi

Aksel Johan Lund, ph.d.-stipendiat ved VID og medlem av Teologisk nemnd

Den 4.-7. mai i år var eg til stades i Assisi på konferansen «The Nicaea Centenary and Creation Day: 2nd Ecumenical Conference on the New Liturgical Feast» som representant frå Den norske kyrkja. Som ei fortsetjing av fjorårets konferanse, bygde konferansen vidare på idéen om å innføre Skaparverkets dag som ein kyrkjeleg festdag i den liturgiske kalenderen til vestkyrkjene. Forslaget er å markere denne på eller nært første september, i tråd med det økumeniske patriarkatet si markering denne dato.

Konferansen bestod av diverse paper, gruppesamtalar og plenumssamtalar kring tema som historie, tidspunkt, liturgisk innhald, og namn på den nye festdagen. Eg gav sjølv eit paper om historia til Season of Creation basert på arbeidet med mi doktoravhandling. Diskusjonane var tidvis livlege, men jamt over var deltakarane samstemte i sitt engasjement for å få innført ein slik festdag i våre respektive kyrkjesamfunn.

Døden til Pave Frans la utvilsamt ein viss dempar på konferansen, både grunna hans særeigne posisjon som kyrkjeleg leiar i miljørørsla, men òg då Vatikanet sine representantar ikkje var til stades. Likevel var stemninga jamt over positiv, og mange uttrykte si støtte til innføringa av denne festdagen.

Konferansen markerte seg som særleg økumenisk. Forutan arrangørane (KV, LVF, den anglikanske communion, World Methodist Council og World Communion of Reformed Churches), var det representasjon frå fleire romersk-katolske organisasjonar, ortodokse kyrkjer, baptistar, pentekostale, kvekarar, brødrsamfunnet, menonittar, med fleire. Både prestar, akademikarar og lekfolk deltok på vegner av sine kyrkjer og institusjonar. Særleg overraska var eg over korleis fleire kyrkjer som ikkje tradisjonelt reknast som liturgiske kyrkjer deltok, trass at tematikken i stor grad dreidde seg om innføringa av ein liturgisk festdag. Denne breie samanslutninga står som eit sterkt vitnesbyrd om at omsorg for skaparverket står høgt på agendaen hjå mange av våre kristne søsken rundt om i verda.